

# FORSKRIFT FOR SLAMTØMMING

## § 1 INNFØRING

*Med heimel i lov av 13.mars 1981 nr. 6 om «vern mot forurensninger og om avfall» (Forureiningslova) § 26, 3. ledd, § 30 2. og 3. ledd og § 34, er det innført tvungen tømning av slamavskiljarar, tette slamtankar m.m. i følgjande kommunar:*

<b>Namn på kommune</b>	<b>Dato</b>
Austrheim kommune	24.06.04
Gulen kommune	21.06.04
Lindås kommune	24.06.04
Masfjorden kommune	13.05.04 (gjeld frå 01.01.05)
Meland kommune	16.06.04
Modalen kommune	23.09.04
Radøy kommune	13.05.04
Solund kommune	15.06.04

*Forskrifta tek til å gjelda så snart ho er vedteke av kommunen. Frå same tidspunkt vert tidlegare forskrift sett ut av kraft.*

## § 2 OMFANG

Forskrifta gjeld for heile kommunen i dei kommunane ho er vedteke.

Forskrifta fastset reglar for tømning av alle mindre reinseanlegg som slamavskiljarar og andre slamtankar for sanitært avløpsvatn med kapasitet på opptil 15 PE.

Forskrifta gjeld ikkje for slamavskiljarar som kommunen i medhald av § 26 i Forureiningslova har kravd utkopla.

## § 3 TØMMING AV SLAMAVSKILJARAR.

Slamavskiljarar som er tilknytt heilårsbustader skal tømmast heilt for slam ikkje sjeldnare enn kvart 2. år, og for fritidsbusetnad ikkje sjeldnare enn kvart 4. år.

I særlege tilhøve kan kommunen fastsetje anna tømmeintervall.

## § 4 ABONNENTEN SINE PLIKTER

Abonnenten skal kontrollere slamavskiljaren jamleg og sjå til at han er i forskriftsmessig stand.

Slamavskiljaren skal tømmast for slam før gjennomstrøyminga i avskiljaren vert hindra av slammet. Ved behov må abonnenten bestilla ekstra tømning.

Abonnenten skal syte for at anlegga som skal tømmast er lett tilgjengeleg for tømning.

Tilkomstvegen skal ha naudsynt fri breidde, fri høgde og bæreevne for tømmebilen, normalt 8 tonn akseltrykk. Eventuell overdekking av kumlokk med snø, is, jord el.l., skal fjernast av abonnenten før tømning skjer.

Vedkommande som tømmer skal gjevast rett til å plassere naudsynt utstyr på abonnenten sin eigedom for å få utført tømninga.

Abonnenten skal kontrollere at tanken er forsvarleg lukka eller låst etter at tømning er utført.

## § 5 KOMMUNEN SINE PLIKTER

Kommunen eller den kommunen gjev løyve til, skal syte for tømning av slamavskiljarar, tette tankar, m.m. som desse føresegnene gjeld for, men med følgjande unntak:

- Veglause grender og øyer og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett.
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 m frå køyrbar bilveg.
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Dette unntaket gjeld likevel ikkje dei som tidlegare har hatt kommunal tømning av slamavskiljarar som ligg med mellom 8 og 25 meter høgdeskilnad til veg. Gebyret vert på same vilkår for desse abonnentane som for dei som har løftehøgde opptil 8 meter.

Den kommunale tømninga av slamavskiljarar skal utførast med faste intervall. For slamavskiljarar som er tilknytt heilårshus skal kommunen sørge for tømning av alt slam kvart 2. år, og for fritidsbustadar kvart 4. år.

Varsel om tømning skal gjevast ved melding direkte til abonnenten minst ei veke før tømning skjer.

Tømninga skal utførast slik at oppsitjarane ikkje vert unaudsynt plaga av støy, lukt eller ureining. Ved tømninga skal alt slam takast ut. Evt. tilbakeføring av avslamma vatn skal utførast utan at tank, sandfilteranlegg eller anna blir skadelidande.

Anlegget skal etterlatast i lukka stand. Grunder, portar og dører skal lukkast, evt. låsast.

Kommunen skal etter melding frå abonnent utføra ekstratømning.

Kommunen eller den kommunen gjev løyve til, er pliktig å ta i mot alt kloakkslam i kommunen. Slam skal leverast til godkjent mottak.

## § 6 EKSTRATØMMING

Tømning som fell utanom tidspunktet for den faste kommunale tømninga, fastsett i § 5, vert rekna som ekstratømning.

## § 7 GEBYR

Alle som vert omfatta av ordninga, plikter å betale eit årleg gebyr fastsett av kommunen etter Forureiningslova sin § 34. Gebyret dekkjer ordinær tømning. Kostnadar ved ekstratømning kjem i tillegg til ordinært gebyr.

Gebyra til kommunen vert delt på to terminar.

Skuldig gebyr kan drivast inn etter § 34 i Forureiningslova.

## § 8 BROT PÅ FORSKRIFTA

Ved brot på forskrifta gjeld kapittel 10 i Forureiningslova.

## § 9 KLAGE

Klage i samband med slamtømmeordninga skal rettast til kommunen, jamfør Forvaltningslova.

Kommunen kan i særskilde saker og etter søknad gje unntak frå denne forskrifta, og unnta einskilde eigedomar frå ordninga.

## § 10 ENDRINGAR I FORSKRIFTA

Eventuelle endringar skal, etter uttale frå NGIR, godkjennast av dei einskilde kommunestyra.